


# Kva seier bibelen om dåp?

Ein presentasjon utarbeida av Styret for Holdhus Kristne Forsamling

September 2011

[www.hkrf.net](http://www.hkrf.net)




# Kommentarar til innhald



Presentasjonen er skriva på nynorsk, men bibelsitata er på bokmål og utheva i kursiv.




Bibelen skildrar fleire typar dåp; som «Johannes dåp» (Matt.21.25, Mark.1.4), Jesu dåp (Matt.28.19), dåp til den smerte Jesus måtte gå gjennom (Mark.10.38-39), proselytt dåp (indirekte nevnt i bibelen)



Presentasjonen omhandlar kun den dåpen som Jesus ville hans disipler (oss truande) skulle utføre (Matt.28.19)

# Terminologi

## Kva tyder ordet “Dåp”



Verbet nytta i NT (det nye testamentet), “å døype” er oversett frå det greske ordet “baptizo”.

Baptizo = neddykke, dykke (engelsk: dip, immerse)

# Dåpshandlinga i NT

## Jesus som vårt eksempel

- 1 Gjekk ned i vatnet, i Jordanelva der det var mykje vatn (Joh. 3.23)
- 2 Nedykkinga (dåpen) skjedde i vatn, leia/utført av ein truande 3.person (Johannes døyparen)
- 3 Kom so straks opp av vatnet (Matt. 3.16)

Eit anna eksempel: Phillip og den etiopiske hoffmann (Apg. 8.38)

Gjekk ned  
i vatnet

Døypte

Kom opp  
av vatnet

# Kven i NT døypte seg

Den som trur at Jesus er Guds Son (Apg. 8.37, Apg. 8.12)..

.. ved at Guds ord har rørt ved hjarta (Apg. 2.37),..

.. som fylgje av at ordet vart forkynt (Apg. 2.14-36, Apg.8.12, Apg. 8.30-35, Apg. 10.34-43

# Kvifor døypte Jesus seg

1

Ei kjærleikshandling; fordi han elsker sin Far og hans Far elsker han (det største og fremste budet (Mark.12.29-30)) (Matt 3.17)

2

Ei innviing til teneste i kjærleik for sin Far; folk byrja å tru på Han og fulgte han (Joh. 1.35-51)

3

Openberra seg som Messias, Guds Son (Joh.1.31, Joh. 1.33-34, Joh.1,41, Joh.1.49); Var ikkje tidlegare kjent som Messias, Guds Son, blant folket

# Meininga med dåp for ein truande

1

Ei kjærleikserklæring frå bruden (den truande) til brudgommen (Jesus), eit synleg vitnesbyrd på at du vil tilhøyre Han (Ef.5.25-27)

2

Identifisere/forene/ikle seg med Jesus (brudgommen) istadenfor den dødelege Adam; Jesu gravleggjing og oppstode gjeld også for den truande (bruden) (Rom.6.4-5, Kol.2.11-12, Rom.6.11, Rom.6.13, Gal.3.27)

3

Innviing til teneste for Jesus; vandre det nye livet med Han og ikkje la vårt gamle menneske styre (Rom.6.6, Rom.6.12, 1.Kor.5.7-8, 3.Mos16.4)

Me går no nærare inn på kvart enkelt punkt vidare i presentasjonen

# Dåpen- ei kjærleikserklæring til brudgommen, Jesus

*Dere ektemenn, elsk deres hustruer, slik også Kristus elsket menigheten og gav seg selv for den, for at Han skulle hellige den, i det **Han rensset den ved vannbadet i ordet**, for at Han kunne føre den fram for seg Selv som en herlig menighet som ikke har flekk eller rynke eller noe slikt, men at den skulle være hellig og uten lyte (Ef.5.25-27) (sjå også Joh.Åp.21.2, 2.Kor.11.2 )*



Brudgommens (Jesu) ord rensar bruden (menigheten); *Dere er alt rene på grunn av det Ord jeg har talt til dere (Joh.15.3), .....Hellige dem i Din sannhet! Ditt ord er sannhet (Joh.17.17) ,....Den som er badet ,trenger bare å vaske føttene, for han er ren over det hele... (Joh.13.10) (Salme 119-ein lovprisning av ordet)*



Dåpshandlinga er eit bilete på den rensinga frå synd du har motteke i Guds Ord. Dette er samanlikna med ei brur sine førebuingar før ho skulle gifte seg, som å pynte, olje seg, **bade i vatn** (Esek.16.9, Esek.16.4-14, Ester 2.12, Sal.45 ).



Dåp er også nytta i NT til å ta eit oppgjær med tidlegare synder (Apg.22.16) (synder før ein var frelst)



# Dåpen- din vilje til å identifisere deg med Jesus

## Forene (Rom.6.5)/ikle deg Jesus (Gal.3.27)



I dåpen tek ein eit oppgjer og gravleggjer det gamle menneske (nedykkinga) og står opp til det nye livet som er prega av Jesus (Rom.5.4, Kol.2.12, Rom.6.11)



Gud ynskjer at din tilstand som truande her på jorda skal meir likne på den stillinga du fekk frå Gud då du tok imot ordet hans

*Dere er jo døde.. (Kol.3.3) (din stilling), Så død da..(Kol.3.5) (din tilstand)*




*Hvis dere da ble oppreist med Kristus (Kol.3.1) (din stilling), Så søk da de ting som er der oppe... (Kol3.1) (din tilstand)*

*Han oppreiste oss levende sammen med Ham og satte oss sammen med Ham i den himmelske verden i Kristus Jesus..(Ef.2.6) (din stilling)*

# Dåpen-ei innviing til teneste i kjærleik for Jesus

## Hald usyredebrøds fest og fyrstegrødefest

Kvitt deg med surdeig, bruk heller usyra brød og ta deg eit **bad** før du gjer teneste i heilagdomen, slik som sønene til Aron gjorde det (3.Mos.8, Hebr.10.19-22)

-  **Surdeig** = synd, falsk lære (1.Kor.5.7-8, Matt.16.8-12)
-  **Usyra brød** = Jesu legeme (Luk.22.19), huske på/minne om Jesu trengsler for oss (5.Mos.16.1-8), halde fast på vedkjenninga av vårt håp..., sjå til kvarandre for å tilskunde til kjærleik og gode gjerningar., formane kvarandre (Hebr.10.23-25)
-  **Teneste i heilagdomen** = betjene «lysestaken, bordet, skuebrøda, røkelsesalteret, paktens ark» I alle desse gjenstandane ligg det eit budskap om teneste.

Påskefestane i  
GT (3.mos.23)

Påskelammet

Usyredebrøds  
fest

Fyrstegrøde  
festen

Jesu hendingar i  
påska (1.Kor.5.7,  
1.Kor.11.24,  
1.Kor.15.23)

Korsfestinga

Kroppen  
gravlagt

Oppstode

# Dåpen- eit synleg vitnesbyrd

**Dåp vart alltid utført i NT der minst ein 3.person var til stades**


Begraving (dåpen) er ei synleg handling som viser for folk at ein person er død (i sin stilling rettferdiggjort framfor Gud i det ein tek imot ordet) (Rom.6.7, Joh.15.3)

Døden kan vere mindre synleg, kan også skje i einsemd og ingen veit om det (å ta imot Jesus kan skje når ingen veit om det)

Det kristne livet byrjar med ein død, so ei gravleggjing; deretter ei oppstode

«Den som døyr før han døyr, vil ikkje døy når han døyr»

# Dåpshandling i Holdhus Kristne Forsamling



Dåpshandlinga blir utført i eit offentleg annonsert møte der det er eit basseng attmed møtesalen. Alle er velkomne til dette møtet



I sjølve dåpshandlinga vil det vere to personar frå forsamlinga som står på kvar si side av den som skal døype seg.



Ein av dei som står ved sida spør den som skal døype seg: «Vil du ha Jesus som Frelser og Herre i ditt liv ?» Vedkomande må då svare «Ja»



Fyrst då blir det sagt frå ein av dei som står ved sida: «Eg døyper deg i namnet åt Faderen, Sonen og den Heilage Ande», og vedkomande vil bli neddukka (heile kroppen) ved å bli lagt bakover. Ein vil so straks løfte opp vedkomande i ståande stilling

# Kontaktinformasjon

Ta kontakt med oss i styret på e-post om du ønsker å døype deg  
(dåpen er i 1.Pet.3.21 skildra som ei samvits pakt)

Holdhus Kristne Forsamling

[www.hkrf.net](http://www.hkrf.net)

[info@hkrf.net](mailto:info@hkrf.net)

Takk for at du tok deg tid til å sjå  
gjennom presentasjonen

Velkommen til vår forsamling

*Holdhus Kristne Forsamling*

[www.hkrf.net](http://www.hkrf.net)

[info@hkrf.net](mailto:info@hkrf.net)

